

Annonsetekst – Førehandsrøysting

Evaluation Only. Created with Aspose.PDF. Copyright 2002-2013 Aspose Pty Ltd.



STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2021

Førehandsrøystinga startar 10. august

Måndag 13. september (nokre stader søndag 12. september óg) er det stortingsval og sametingsval.

Dersom du ønskjer det, kan du røyste på førehand. Du kan førehandsrøyste i den kommunen du sjølv ønskjer. Viss du førehandsrøyster i ein annan kommune enn der du er ført inn i manntalet, må du gjere dette så tidleg at stemma di kan nå fram til den rette kommunen innan 14. september kl. 17.00.

Ta med legitimasjon med bilde når du møter fram for å førehandsrøyste. Viss røystemottakaren ikkje kjenner deg, vil du elles ikkje få røyste. Dersom du har fått tilsendt valkort, bør du ta med det óg, sjølv om det ikkje er noko krav for å få førehandsrøyste.

Dersom du har spørsmål angående valkortet, ta kontakt med kommunen din.

I fleire kommunar er det lengre opningstider i år på grunn av pandemien. Bruk gjerne heile opningstida for å unngå kø. Dersom du er sjuk, er i isolasjon eller karantene så skal du ikkje møte opp for å røyste. Då må du vente til du er frisk.

Det blir óg mogleg å førehandsrøyste på dei institusjonar som er nemnde i oversikta under.

Spesielt for sametingsvalet

Veljarar som ønskjer å røyste ved sametingsvalet, må vere merksame på at det berre er nokre kommunar kor du kan røyste på sjølv valdagen. Veljarar i alle andre kommunar må førehandsrøyste. Stemma di skal då sendes til ein annan kommune for oppteljing. Difor bør du førehandsrøyste i god tid. Lista over kva kommunar som har valting, finn du på sametinget.no/valg.

Du kan førehandsrøyste til sametingsvalet på samme stad som du førehandsrøyster til stortingsvalet. Hugs legitimasjon og ta helst med deg det tilsendte valkortet for sametingsvalet.



SELJORD KOMMUNE
Telefon 35 06 51 00
seljord.kommune.no

Her kan du førehandsrøyste alle kvardagar mellom kl. 09.00 og kl. 14.00 frå 10. august til og med 10. september 2021:

- Seljord kommune, Brøløsvegen 13 A, 3840 Seljord (Kommunehuset)

I tillegg blir det mottak av førehandsrøyster på:

- Steinmoen, måndag 30. aug., kl 12.00-14.00
- Nesbukti, tysdag 31. aug., kl. 10.00-12.00
- Nestunet, tysdag 31. aug., kl. 13.00-15.00

Det er óg mogleg å røyste på kommunehuset, laurdag 28. august, kl 10:00-15:00

Valstyret i Seljord kommune, e-post: postmottak@seljord.kommune.no, tlf. 35 06 51 00